



HORNINDAL KOMMUNE



VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 29.05.2017  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Medlem	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Rasmus Kirkhorn	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Roald Arnold Espset	Margrete Bjerkvik	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Asbjørn Moltudal	Ass. Rådmann 21/17

Frå tillitsvalde møtte:

Vydmante Solominiene (Sykepleierforbundet), Oddbjørg Yksnøy Rangseter (Fagforbundet),  
Idar Holen (Utdanningsforbundet)

# SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 17/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 18/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte</b>
PS 19/17	<b>Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Storleik på kommunestyre.</b>
PS 20/17	<b>Val av revisor til fellesnemnda</b>
PS 21/17	<b>Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Harmonisering eigedomsskatt.</b>
PS 22/17	<b>Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellessnemnda etter inndelingslova § 26</b>
PS 23/17	<b>Oppnemning av partssamansett utval (PSU)</b>
PS 24/17	<b>Kommunesamanslåing Volda og Hornindal – Kommunenamn</b>
PS 25/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 13/17	<b>Kontrollutvalet - Sak 18/17 Val av revisor til fellesnemnda</b>
OS 14/17	<b>Frist for søknad om prosjektmidlar</b>
OS 15/17	<b>Prosjektarbeid for Ungdomsrådet i Volda</b>

## **PS 17/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

Innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Sakliste:

Rådmann Rune Sjugard meldte presentasjon av kommunikasjonsrådgjevar som orientering.  
Fride Sortehaug meldte informasjon om ungdomsråd som orientering.

Orienteringar:

#### Kommunikasjonsrådgivar

Rådmann Rune Sjugard informerte om at Joakim Rødven er tilsett som kommunikasjonsrådgivar i Volda kommune. Joakim presenterte seg kort for fellesnemnda.

#### Ungdomsrådet i Volda

Fride Schjølberg Sortehaug ønskte å leggje fram ei orienteringssak om eit prosjektarbeid i Volda ungdomsråd.

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med tillegg frå rådmann Rune Sjugard og Fride Schjølberg Sortehaug, vart samrøystes godkjent.

## **PS 18/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 20.04.2017 vart samrøystes godkjent.

## **PS 19/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Storleik på kommunestyre.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**Kommunestyret vedtek at talet på kommunestyremedlemer i den nye kommunen vert 33.**

### **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:**

***Kommunestyret vedtek at talet på kommunestyremedlemer i den nye kommunen vert 33.***

## **PS 20/17 Val av revisor til fellesnemnda**

### **Kontrollutvalet si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal*

### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:**

*Kommunestyret vedtek at Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS vert valt til revisor til fellesnemnda for samanslåing av kommunane Volda og Hornindal.*

## **PS 21/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Harmonisering eigedomsskatt.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommune søker kommunane med heimel i inndelingslova §17 om unntak frå reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt**

### **Handsaming:**

Ass. Rådmann i Volda Asbjørn Moltudal informerte om saka.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:**

*I samband med samanslåing av Volda og Hornindal kommune søker kommunane med heimel i inndelingslova §17 om unntak frå reglar om fristar og vilkår for å krevje inn eigedomsskatt.*

## **PS 22/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnda etter inndelingslova § 26**

### **Administrasjonen si tilråding:**

**På vilkår av at Stortinget formelt gjer vedtak om nye kommunar vedtek .....  
kommunestyre:**

- 1. I samsvar med intensjonen vert «førebels» fellesnemnd omgjort til endeleg Fellesnemnd frå tidspunktet Stortingsvedtaket om nye kommunar vert gjort og der samanslåing av Hornindal og Volda er vedteke.**
- 2. Samansetjing og funksjonar/fullmakter vert fastsett i samsvar med vedlegg nr. 1 til denne saka. Eventuelle endringar må godkjennast i dei to kommunestyra.**
- 3. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.**

**Handsaming:**

Med referanse til vedlegg 1 i sak PS 19/17: Samansetjing og funksjonar i Fellesnemnd etter inndelingslova §26, blei fellesnemnda gjort merskame på at det stod følgjande under punkt 4. Partsamansett utval:

«Det skal opprettast eit partssamansett utval under Fellesnemnda. Utvalet skal samansetjast av 4 politikarar frå kvar kommune, inkludert leiar og nestleiar i Fellesnemnda og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.»

Ifølgje rådmann Rune Sjugard er dette ein feil, og bør korrigerast med følgjande setning:

«Det skal opprettast eit partssamansett utval under Fellesnemnda. Utvalet skal samansetjast av 3 politikarar frå kvar kommune, inkludert leiar og nestleiar i Fellesnemnda og 2 tillitsvalde frå kvar kommune.»

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen, med korrigeringa til Sjugard, vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til kommunestyra:**

På vilkår av at Stortinget formelt gjer vedtak om nye kommunar vedtek .....  
kommunestyre:

1. I samsvar med intensjonen vert «førebels» fellesnemnd omgjort til endeleg Fellesnemnd frå tidspunktet Stortingsvedtaket om nye kommunar vert gjort og der samanslåing av Hornindal og Volda er vedteke.
2. Samansetjing og funksjonar/fullmakter vert fastsett i samsvar med vedlegg nr. 1 til denne saka. Eventuelle endringar må godkjennast i dei to kommunestyra.
3. Det vert fastsett slik godtgjersle for medlemmene i fellesnemnda: I samsvar med Volda kommune sitt reglement for formannskapet.

**PS 23/17 Oppnemning av partssamansett utval (PSU)**

**Administrasjonen si tilråding:**

**Innstilling**

**Kommunestyret oppnemner følgjande 3 medlemmer og varamedlemmer til partssamansett utval under fellesnemnda i ny kommune:**

- 1.
- 2.
- 3.

**Varamedlemmer**

- 1.
- 2.
- 3.

**Utvalet skal ha 10 medlemmer (3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 hovudtillitsvalte frå kvar kommune)**

**Fellesnemnda gir mandat til det partssamansette utvalet.**

**Handsaming:**

Leiar Stig Olav Lødemel kom med framlegg om at medlemmene og varamedlemmene vert oppnemnd av valnemndene i dei to kommunane.

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 29.05.2017 til valnemnda:**

***Kommunestyret oppnemner følgjande 3 medlemmer og varamedlemmer til partssamansett utval under fellesnemnda i ny kommune:***

- 1.
- 2.
- 3.

***Varamedlemmer***

- 1.
- 2.
- 3.

***Utvalet skal ha 10 medlemmer (3 politiske representantar frå kvar kommune og 2 hovudtillitsvalte frå kvar kommune)***

***Fellesnemnda gir mandat til det partssamansette utvalet.***

**PS 24/17 Kommunesamanslåing Volda og Hornindal - Kommunenamn**

**Tilråding frå Komite for nytt kommunenamn og heraldikk:**

**Kommunestyret vedtek at namnet på den nye kommunen skal vere VOLDA**

### **Handsaming:**

Fellesnemnda har ingen mynde til å vedta dette, men saka vart drøfta. Leiar i Fellesnemnda Stig Olav Lødemel påpeikte at ein må ha forståing for at dette er ei sak som skapar sterke kjensler.

Saka vart drøfta og ikkje teke opp til votering.

### **PS 25/17 Orienteringssaker**

#### **OS 13/17 Kontrollutvalet - Sak 18/17 Val av revisor til fellesnemnda**

#### **OS 14/17 Frist for søknad om prosjektmidlar**

Rådmann Rune Sjugard orienterte om at frist for å søkje om midlar til infrastrukturtiltak går ut 1. juni. Intensjonen er å søkje om midlar til breiband (fiber) mellom dei to kommunehusa, busskommunikasjon over fylkesgrensa og informasjonsskilt.

Rådmann Rune Sjugard orienterte om at det vert planlagt felles aktivitetsdag for administrasjonen i dei to kommunane 20. juni.

#### **OS 15/17 Prosjektarbeid for Ungdomsrådet i Volda**

Fride Schjølberg Sortehaug fortalde at for å starte samarbeidet mellom ungdomane i Hornindal og Volda, ønskjer Ungdomsrådet i Volda kommune å ta initiativ til opptak av ungdommar som bur i Hornindal til eit felles ungdomsråd.

Møte slutt kl. 15:10

Rett utskrift,  
Volda kommune, Samfunn og rådgjeving,  
30.05.2017

Joakim Rødven,  
Kommunikasjonsrådgjevar